

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.08.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor, Birte Bjørkelo, presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen innan beredskap på vegsektoren og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har merka seg fylkesrådmannen sin merknad om manglande avklaring frå Samferdselsdepartementet om kva som er lovpålagte oppgaver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap. Fylkestinget bør be fylkesrådmannen ta dette opp med departementet. Det var semje om å legge dette inn som nytt punkt 2 i innstillinga.

Kontrollutvalet meiner at fylkesrådmannen bør informere politisk nivå om resultatet av evaluering av transportberedskapen etter ras, flom ol. hendingar som har medført større utfordringer i samferdselssektoren. Slike erfaringar bør også vurderast i arbeidet med framtidige ROS-analyser. Det vart semje om å legge dette inn som nytt punkt 9 i innstillinga.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 15 minuttar til å presenter forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet for fylkestinget 3. – 4.10.18.

Med tillegg av nye punkt 2 og 9 vart slik innstilling samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyser det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.
2. Å avklare med Samferdselsdepartementet kva som er lovpålagte oppgaver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap.
3. Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.
4. At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.
5. Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet.
6. Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottek opplæring knytt til eigen rolle.
7. Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.
8. Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.
9. Å informere politisk nivå om resultatet av evaluering av transportberedskapen etter ras, flom ol. hendingar som har medført større utfordringer i samferdselssektoren. Slike erfaringar bør også vurderast i arbeidet med framtidige ROS-analyser.
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.